

Kultur

Kulturredaktør: FRODE BJERKESTRAND
Mobil 97 97 87 90
Kulturleder: LIV SKOTHEIM
Mobil 98 20 31 08, e-post: kultur@bt.no



Teikningar signert Brynhild Grødeland Winther. Kaotisk. Bekmørkt. Vittig. Strålande.

IVER DAALAND ÅSE

Ei utstilling full av overraskinger

ANMELDELSE: Vestlandsutstillingen opnar med eit smell! Ein får servert heile Brynhild Grødeland Winther si elleville verd med det same ein kjem inn døra.

EIN VEGG dekka av Winter sine teikningar der det naivistiske og barnlege møter sirleg teikna pels og morosame ordspel. Ein kanarigul kanin med tomt blikk held tett rundt ein kald brun hare. Kaotisk. Bekmørkt. Vittig. Strålande. For ein fest vi er invitert på!

I stor kontrast står Æsa Björk sitt meditative kunstverk. Verket er plassert i eit rom avsondra frå resten av utstillinga, noko som kler det godt. På golvet flyt det av store klinkekuler, på veggen lyser ein sirkel.

Sirkelen er som ein levande boblende organisme, som ei pusstante materie, som ei glasmanet

eller som innsida av ei pasjonsfrukt der fargen er trekt ut.

Det er som å gå inn i ei boble av ro og pust.

VESTLANDSUTSTILLINGEN HAR ein lang tradisjon, heilt sidan den oppstod i Bergen Kunstforening i 1922 har den turnert rundt i Vestlandsfylka.

UTSTILLING

Vestlandsutstillingen



Kunstgarasjen

Kunstnarar: Kristina D. Aas, Karina Presttun, Kristin Austreid, Æsa Björk, Helene Førde, Mona Orstad Hansen, Tina Jonsbu, Tom Kosmo, Gabriel Johann Kvendseth, Cato Løland, Irene Nordli, Tovelise Røkke-Olsen, John K. Raustein, Siri Ekker Svendsen, Kristin Tårnsvik og Brynhild Grødeland Winther.

Opningstider: Torsdag 12.00-18.00. Fredag, laurdag og søndag 12.00-16.00. Frå 27. august til 19. september

ulike verka til å spele på lag, utan at dei smeltar saman.

På eit enkelt bord ligg små økser laga av tre og stein, teikna på med mjuke, tørre fargerike krit. Ei pil, eit horn, ein pinne vert omdanna til barndomens og sommarens leik i regien til Gabriel Johann Kvendseth.

Ikkje overraskande er det keramikk på årets Vestlandsutstilling. Tre store keramiske krukker står spreidde i rommet.

Overflata er full av kontrastar, tørt og glatt, mjukt og hardt, blank glasur møter det tørre og sprokne. Om ein går tett på, oppdagar ein små spor av tidlegare liv, ein kvinnekropp her, eit grønt lauv der. Som om spora har smelta inn i den ujamne overflata, eller at objekta har drukna i den våte leira.

CATO LØLAND SITT VERK «Vind Auge» minner meg om ein kvinnekropp, dansande på berre

“

Ein gedigen opptur! Kom dokke på utstilling, folkens!

BTs kunstanmelder om Vestlandsutstillingen



bein. Auge som kikar fram mellom tynt gjennomsiktig tøy. Eller kanskje er det draumen om det opne vindauge og tynne flagrane gardiner der vinden tek tak.

Kristin Austreid sin kunst er små studie i oljemåling. Kvar saum, kvar stoff, kvar flekk så nøyaktig pensla inn. Men kva ser vi eigentleg?

Det eine måleriet minner om ei overmadrass i eit solbleikte batikkaktig stoff, med ujamne faldar i. I måleriet ved sidan av ser eg universet samla i ein sirkel, eller kanskje er det auget til eit forhistorisk dyr. Eller er det berre ein refleks i eit mørkt vindauge?

Som ein barokk-kunstnar går Austreid nøyaktig til verks, ho leikar seg med tekstur og dei stofflege kvalitetane. Nyt å male fram kvar detalj, kvar refleks, kvar fold i stoffet. Men her er det ikkje spor av silke, pels og elfenbeinskvite perler. Her er levd liv,

flekkte madrassar og syntetiske materiale.

MED TRE FOTOGRAFI «Luften; Berget; Havet» får Siri Ekker Svendsen i mine auge fram både politikk og poesi. Desse analoge svar-



Eit av Tom Kosmo sine verk på Vestlandsutstillingen. Dyra blir marionettar i Kosmo si eventyrlege og forunderlege verd, meiner BTs kunstmelder.

© IVER DAALAND ÅSE



Kurator Heidi Bjørgan får dei ulike verka til å spele på lag.

© IVER DAALAND ÅSE

t/kvit-fotografia av naturen kjenner overnaturlig vakre ut. Frå lyset som spelar på havoverflata, til den smale stripa av sti i ein bergvegg, til dei kantete skyene som minner om blekk oppløyst i vatn.

For kva treng vi eigentleg meir enn lufta, berget og havet?

Helene Førde har også valt det våte element som sitt fotoobjekt. Men her er det fysiske arbeidet som er i fokus, våte oljehyre og glatte tregolv, ein stor trålar, kraftig tauverk og grått hav. Er det draumen om havet vi møter her? Draumen og røynda, side om side.

Det heng eit stykke tøy frå

taket, det minner om ei stor hette som er vrengt open, verket er skapt av duoen Kristina D. Aas og Karina Presttun. Det borgarlege stoffet er dyppa i eit slags leireaktig materiale, langs saumen er det mjuke fluffye fargerike trådar.

SOM EIT RAMPETE BARN som har skitna til ein elegant trekt stol med leire. Innsida av skulpturen derimot har svarte foldar som ei streng oldemor.

Tøyskulpturen til John K. Raustein i rommet ved sidan av er langt ifrå streng, den er som ein mjuk grøn marshmallow med ulike overflater og former. Som



Cato Løland står for dette florlette verket.

© IVER DAALAND ÅSE



Helene Førde har koncentrert seg om det våte element i sine fotografi.

© IVER DAALAND ÅSE

ein grøn tekstilsvamp som har grodd og strekt seg ut i rommet.

I den siste salen er Tom Kosmo den store stjerna. Han har fått breie seg ut på ein heil vegg, med sitt «gesamtkunstwerk». Bakgrunnen er som ei teaterscene, eit stort svart veggmåleri med grøne draperi, der det står skikkelsar dekt i stoff. Som ei scene frå eit engelsk gods der møblane vert dekt i kvite klede gjennom vinteren.

Det same er figurane i dei grafiske verka, ein grevling på to bein i ei skinande silkekåpe. Ein fugl med spisst nebb kledd i kvite draperi, klar for scena. Dyra bryt ut av sine naturlege roller og i kler seg ei ny rolle, og blir marionettar i Kosmo si eventyrlege og forunderlege verd.

HEIDI BJØRGAN er sjølv ein svært dyktig kunstnar og ikkje minst står ho støtt som kurator. Ho evnar det kunststykket å samle ei slik utstilling til ein heilskap, samstundes som kvart verk står seg aleine.

Udstillinga har endra seg for kvar stad den har gjesta. På Kunstgarasjen kosa eg meg over å sjå detaljar som den vakre grøne veggen til Tom Kosmo som er i dialog med dei mjuke, klumpelege formene i John K. Raustein sin skulptur. Og over korleis denne skulpturen igjen står nydeleg til Mona O. Hansen sine to store unpreparerte lerret.

Bjørgan er vand med å arbeide med hendene gjennom sitt virke som keramikar, og ho har tatt med seg både det leikne, respekten for ulike materiale, det kroppslege og det taktil inn i kurateringa av Vestlandsutstillingen. Ein gedigen opptur! Kom dokke på utstilling, folkens!



Renate Rivedal
Kunstanmelder